



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Stein-Erik Greve
Grindheimsvegen 173
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/260 - 17/7819

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
15.06.2017

Gbnr 34/14 - Søknad om endring av vald - Svar

Angåande søknad om flytting av eigedom gbnr 34/14 fra Grindheim vald til Vestvaldet.

Grunneigar har i utgangspunktet retten til jakt på sin eigedom. Løyve til å felle hjortevilt er betinga at området jakta skal foregå i er godkjent av kommunen. Valdet skal vera samanhengande og ha ei avgrensing og form som er egnet til jakt på det aktuelle viltet, jamfør Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 9 første ledd.. Eigedommen 34/14 grensar til Vestvaldet på ein slik måte at ein vanskeleg kan sjå at kravet til form er oppfylt.

Om grunneigar vil bytte vald må ein enten gå saman med nærliggande eigedommar eller finne ei alternativ løysing som gjev ein meir teneleg valdstruktur enn foreslalte endring. Landbrukskontoret foreslår ein gjennomgang av valdstruktur og grunneigaravtaler i området før neste jaktsesong. Det er, slik landbrukskontoret vurderar det, behov for ein slik gjennomgang for å sikre rett tildeling og grunneigar sine rettigheter,

Vedtak

Det vert ikkje gitt løyve til endring av vald.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27 b.

Med helsing

Andreas Granli

Post
postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt
Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stein-Erik Greve

Grindheimsvegen 5936
173

MANGER